

Retningslinjer ved tildeling av skuleplass i Volda kommune

Utarbeidd med heimel i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 8-1 og vedtekne skulekrinsgrenser i Volda kommune

1. Formål, verkeområde og ansvar

1.1 Formål

I opplæringslova § 8-1 første ledd og andre punktum heiter det:

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.

Retningslinjene skal gje oversikt over kva for område i kommunen som soknar til kva for skule. Den skal gjere det føreseieleg for innbyggjarane, og er særleg viktig for foreldre og elevar. Retningslinjene skal vidare bidra til rask, føreseieleg og likeverdig handsaming av søknader, vedtak og klager på tildeling av skuleplass.

1.2 Verkeområde

Retningslinjene ved tildeling av skuleplass gjeld alle born busett i Volda kommune som har rett og plikt til grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-1.

1.3 Ansvar

Rådmannen har det overordna ansvaret for å ivareta dei vedtekne forskriftene om skulekrinsgrenser.

Rådmannen har delegert til kommunalsjef oppvekst å tildele skuleplass.

Rådmannen har delegert til kommunalsjef oppvekst å handsame søknader om å gå på annan skule enn nærskulen samt handsame klager på tildeling av skuleplass.

1.4 Rettsgrunnlaget

Opplæringslova § 8-1, første og andre ledd:

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Ot.prp. nr. 46 (1997-98), kap. 31, merknader til § 8-1:

(...)arbeidet til kommunen med å fordele elevane mellom dei tilgjengelege skolane skal ta utgangspunkt i eit prinsipp om at eleven skal gå på den nærmaste skolen. (...)

Vurderinga av kva skole som er nærmast, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta omsyn til andre relevante forhold, til dømes om sysken er plasserte på den same skolen, kapasiteten på skolen og om skolevegen er farleg.

Utdanningsdirektoratet omtalar kapasitetsomsyn i brev, ds. 21.09.2009:

Ettersom forarbeidene åpner for at kapasitet kan være et hensyn det kan legges vekt på i praktiseringa av nærskoleprinsippet, vil en forskrift om kretsgrenser som legger vekt på kapasitet etter en nærmere vurdering kunne være lovlig.

Det er imidlertid en svært begrenset adgang til å legge vekt på kapasitet, både ved avgjørelsen av enkeltsaker og ved fastsettelse av forskrift om skolekretsgrenser. Etter Utdanningsdirektoratets vurdering blir det først aktuelt å legge vekt på kapasitet når det kan dokumenteres at en skole er full. Kommunen må i en evt. lovlighetskontroll av forskriften eller behandlinga av en klagesak kunne dokumentere for Fylkesmannen at skolen er full.

Sivilombudsmannen har i sak 2000-0815 vurdert det slik at konkrete haldepunkt må ligge føre før ein kan ta omsyn til framtidige kapasitetsvanskar:

(Ombudsmannen)uttalte at det ved avgjørelsen av hvilken skole som var den nærmeste etter opplæringsloven § 8-1 ikke kunne legges vekt på framtidige kapasitetsproblemer som ikke syntes tilstrekkelig forankret i de faktiske forhold.

(Melding for året 2000 frå Sivilombudsmannen til Stortinget, side 121)

Opplæringslova § 9a-2 omhandlar elevane sitt fysiske miljø. I andre ledd heiter det:

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til ei kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillende verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Den faglege normen for arealer sett av Statens helsetilsyn:

Et høyt antall elever i klasserommet er en belastning på inn klima. Ved berekning av elevantall i et vanlig klasserom bør det planlegges etter en arealnrm på minimum 2 m2 pr elev. Det må tas hensyn til rommets utforming, rominnhold og ventilasjonsforhold.

(.....)

Statens helsetilsyn: Rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, side 36.

2. Vedtekne forskrifter om skulekrinsgrenser

2.1 Skulekrinsgrenser for barneskulane

Skule	Skulekrins	Grunnkrins
Mork	Lid/Mork	501-503
Øyra Bratteberg	Stor-Øyra	304, 401-412
Folkestad	Folkestad	106, 201-203
Dalsfjord	Dalsfjord/Ulvestad	101-105
Austefjord Hornindal	Indre Volda	301-303, 305-306, 601-608

2.2 Skulekringsgrenser for ungdomsskulane

Skule	Skulekrins	Grunnkrins
Volda ungdomsskule	Stor-Øyra/Lid/Mork	304, 401-412, 501-503
Folkestad	Folkestad	106, 201-203
Dalsfjord	Dalsfjord/Ulvestad	101-105
Hornindal	Indre Volda	301-303, 305-306, 601-608

3. Tildeling av skuleplass

3.1 Adresse i folkeregisteret

Alle elevar får tildelt skuleplass ved barne- og ungdomsskular ut frå den adressa eleven står registrert med i folkeregisteret.

3.2 Tildeling av skuleplass for komande førsteklasingar

Til vanleg vert melding om tildelt skuleplass for komande førsteklasingar sendt ut i februar det året eleven skal ta til i skulen.

I Stor-Øyra skulekrins er det ikkje faste grenser mellom opptaksområda mellom skulane. Kapasiteten ved dei to barneskulane kan gjere at opptaksområda kan endre seg frå eitt år til eit anna.

3.3 Tilflytta elevar

Elevar som flyttar til kommunen får melding om tildelt skuleplass.

3.4 Søknad om å gå på annan skule enn nærskulen

Etter søknad kan elevar takast inn på annan skule enn nærskulen, jf opplæringslova § 8-1. Elevar kan få innvilga søknad om å gå på annan skule enn nærskulen viss det ligg føre særlege omsyn. Viss eleven etter ynskje frå eleven/dei føresette går på anna skule enn nærskulen, fell retten til gratis skuleskyss vekk. Viss søknaden er grunngjeve med pedagogiske eller sosiale tilhøve som er naudsynt for å sikre retten til opplæring, jf opplæringslova §§ 2-1 og 9a-2, kan gratis skuleskyss likevel verte innvilga.

Ved handsaming av klager på kommunale vedtak om skulebyte etter § 8-1 tredje ledd, skal statleg klageinstans etter opplæringslova § 15-1 legge vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjønnet

3.5 Byte av skule etter adresseendring

Ved flytting innan kommunen, pliktar dei føresette å gi melding til skulen, som gir melding til kommunalsjef oppvekst. Viss eleven vert tilhøyrande ein annan skulekrins, vert ny melding om skuleplass sendt til dei føresette.

Jf pkt. 3.4 er det høve til å søke om å få behalde skuleplassen sjølv om ein har flytta ut av skulekrinsen.

3.6 Vedtak om skulebyte som tiltak etter opplæringslova § 8-1 fjerde ledd

Viss det er naudsynt at ein elev byter skule for å ta i vare andre elevar sine rettar etter opplæringslova §9a-2, fattar kommunalsjef oppvekst vedtak med heimel i opplæringslova § 8-1 fjerde ledd.

Vedtaket skal vere i tråd med reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, og i vedtaket skal det gjerast greie for skulen sitt arbeid i saka.

4. Diverse bestemmingar

4.1 Bestemming om når retningslinjene vert gjort gjeldande

Retningslinjene er gjeldande frå 01.01.2020.

4.2 Klagehandsaming

Melding om tildelt skuleplass og avslag på søknader om å gå på annan skule enn nærskulen er enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslova sine bestemmingar om klage på enkeltvedtak, jf opplæringslova § 15-1. Klagefristen er tre veker etter at meldinga er motteke.

Kommunalsjef oppvekst handsamar eventuelle klager på tildelt skuleplass eller avslag på søknad om skuleplass. Viss kommunalsjef oppvekst opprettheld det opphavelige vedtaket, vert saka sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal som fattar endeleg vedtak.

***Oppvekst
Sept 2019***